

# Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: MWJUS2

Registrert dato: 30.11.2022 11:57:03

## Innleiing

Uttalen blir gjeven

Personleg

På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om føretak/lag/foreining

Føretak/lag/foreining

FAU Knarvik Ungdomsskule

Namn på innsender

Ketil Tjore

Rolle

Sekretær for FAU

Adresse

Juvikstølen 52

Postnummer

5916

Poststad

Isdalstø

Telefon

92209916

Telefaks

## Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

## Kommunedelplan helse, sosial og omsorg

### ● Kommunedelplan for oppvekst 2023-2034

#### Uttale

FAU ved Knarvik Ungdomsskule ønskjer å gje uttale til Kommunedelplan for oppvekst 2023-2034.

FAU vil peika på at skulen per i dag har ei godkjenning frå Miljøretta Helsevern til å ha 350 elevar, under føresetnad av at kommunen gjennomførte den oppgraderinga av uteområde som vart ferdigstilt i haust. Det reelle elevtalet i dag er 355 elevar, og kommunen sine eigne folketalsprognosar (i den planen som er på høyring) viser at elevgrunnlaget i denne ungdomsskulekrinsen vil veksa ytterlegare i dei kommande åra. Først fram mot 2030 er det sett ein liten nedgang i elevtalsprognosene, men dette er usikre tal sidan det kan bli påverka av tilflytting i vår del av kommunen, og det er her største delen av bustadbygginga er underveis.

Kapasiteten ved ungdomsskulen er i dag avhengig av å bruka den "mellombelse" paviljongen som vart sett opp mellom ungdomsskulen og Rådhuset, der ein etter planen berre skulle ha elevar under den siste ombygginga av skulen. I dag ser ein at desse romma er naudsynte for å gje klasserom til alle, og sjølv med å bruka desse romma er det for liten kapasitet på gruppe- og spesialrom ved skulen.

FAU vil be om at kommunen planlegg for å ha kapasitet til dei elevane som faktisk er ved skulen, og tar høgde for at det for enkelte årskull kan vera elevtal som gjev ytterlegare klassedeling og behov for rom. Det må også vera plass til lærararbeidsplassar for dei lærarane som skulen vil trenga dei åra med flest klassar.

FAU merkar seg at det i den førre skuleplanen frå Lindås kommune, (Kommunedelplan for skule 2010-2020), vart gjort ei endring for å flytta ungdomsskule-elevar tilhøyrande Leiknes-krinsen frå Knarvik til Ostereidet. Det er slik ungdomsskulekrinsane er lista på nye Alver kommune si heimeside (<https://www.alver.kommune.no/innhald/skule-og-utdanning/test/>). Her var det lagt inn behov for investeringar på Ostereidet Ungdomsskule, men dette er i liten grad gjennomført, i staden ser ein at mange ungdomsskuleelevar frå Leiknes-krinsen har søkt seg til den private Danielsen ungdomsskule på Frekhaug.

FAU har ikkje noko i mot at det eksisterer eit privatskuletilbod som Danielsen Ungdomsskule på Frekhaug og Nordhordland Kristne Grunnskule i Alvermarka. Dette er skular som er etablerte etter krava i privatskolelova, og som kan vera eit alternativ for enkelte. Men det er likevel ikkje godt nok når det framstår som at kommunen i realitetten lener seg på dei private tilboda heller enn å oppretthalda eit offentleg tilbod. Foreldre og elevar ser at dei skulane dei naturleg soknar til ikkje har kapasitet, og det kan medverka til søknaden til privatskulane. FAU spør seg kva

communen skal gjera dersom dei private skulane skulle stenga tilbodet sitt, og oppmodar til at den offentlege kapasiteten må dimensjonerast etter det faktiske elevgrunnlaget i skulekrinsen.

Kvifor er FAU så opptekne av kapasitet og bygg, når planen som er på høyring handlar meir om innhald?

Bakgrunnen er at me ser at kommunen dei siste åra (både Lindås og Alver) ikkje har evna å gjennomføra fleire av dei planlagde skuleutbyggingane. I planen som er på høyring er det vist til at "Det er planlagt ny ungdomsskule på Frekhaug og ny barneskule på Eikanger". Men når ein les kommunedirektørens framlegg til budsjett for 2023, og økonomiplan for perioden 2023-2026 ([https://pub.framsikt.net/2023/alver/bm-2023-%C3%B8kplan\\_23-26/#/generic/summary/investmentplan](https://pub.framsikt.net/2023/alver/bm-2023-%C3%B8kplan_23-26/#/generic/summary/investmentplan)), så er det ikkje sett av midlar til Eikanger skule i det heile, og for ny ungdomsskule på Frekhaug er det berre tale om planleggingsmidlar og ikkje noko skuleinvestering. Når ein ikkje klarer å fornya skulebygg som ikkje har kapasitet, eller har gått ut på dato, misser ein dei innsparingane som kan ligga i redusert vedlikehald og effektivisering. I neste omgang vert det mindre midlar til den daglege drifta.

Dette ser ein fleire døme på alt i dag: MOT-arbeidet er i denne planen som er på høyring sett opp som noko kommunen skal satsa på, samstundes som kommunedirektøren har sett det same arbeidet på lista over kva som skal kuttast frå 2023 for å få budsjettet i balanse. I denne planen som er på høyring er det sett opp ei satsing på fleire miljøarbeidarar i skulane, med 1,8 millionar frå 2024 og 2,4 millionar årleg frå 2025. Samstundes ser ein at kommunedirektøren i sitt framlegg til budsjett for 2023 har lagt opp til å kutta i lærarårsverk, med 6,5 færre årsverk frå hausten 2023.

No er det sjølvsgart mogleg at kommunestyret reverserer nokre av innsparingsframlegga frå rådmannen, men dersom det skal brukast meir på drift betyr det mindre til investering. Noko som vil gjera det endå mindre sannsynleg at til dømes Eikanger kan få ny barneskule innanfor det kommande tiåret, og moglege innsparingar og effektivisering vert skubba ytterlegare ut i tid.

No er det sjølvsgart slik at FAU stiller seg bak alle dei gode ønskja i "Kommunedelplan for oppvekst 2023 - 2034", men sett opp mot den økonomiske planprosessen i kommunen er det i realiteten liten utsikt til å få innført nye tiltak, og heller ein kamp for å behalda det ein har. FAU vil på vegner at elevane ved Knarvik Ungdomsskule, og andre elevar i skulekrinsen, be om:

1. At det vert planlagt å bygga ut kapasiteten slik at skulen heldt seg innanfor ei godkjening frå Miljøretta Helsevern.
2. At skulen har det arealet den skal ha til lærararbeidsplassar og spesialrom, på linje med andre skular.
3. At lærarressursane vert fordelt mest mogleg etter elevtal, slik at større skular har same lærardekning som mindre, med tanke på undervisningstimar per elev.

FAU noterer seg ønsket frå kommunedirektøren i budsjettframlegget, "Det blir difor rådd til å utarbeide ein skulebruksplan i 2023", og ser fram til at administrasjonen og kommunestyret utarbeider ein skulebruksplan som sikrar at skulane har plass til dei elevane som faktisk er der, og som har investeringsmål som er moglege å realisera innanfor overskodeleg framtid.